

Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref: 2004/00053-3 SG

11. oktober 2004

UNESCO - KONVENSJON OM KULTURELT MANGFALD

Vi viser til høyringsbrev om saka, motteke her 6. oktober 2004.

Kulturelt mangfald og mediemangfald er nærskyldte politiske område. Eigarskapstilsynet har til føremål m.a. å arbeida for mediemangfald. Mange omsyn er samanfallande for dei to områda. Utkastet til konvensjon synest å femna om begge områda, noko vi sluttar oss til. Tilsynet har på den bakgrunn funne det naturleg å sjå på alle innhaldsmessige sider av utkastet.

Allment

Allment sett inneheld utkastet mykje godt, men det er prega av mange ord og lite gjennomarbeidd struktur. Det er etter vårt syn viktig med ein konvensjon om kulturelt mangfald, men det står mykje att før det ligg føre eit utkast som er klart for vedtak. Det gjeld særleg prinsippa og definisjonane.

Tittelen er "Konvensjon for å verna og fremja eit mangfald av kulturuttrykk". Definisjon av kulturuttrykk blir derfor sentralt. Vi oppfattar tittelen slik at det er kulturuttrykk samla, eller som gruppe, som skal føra til mangfaldet, ikkje kvart enkelt kulturuttrykk. Kulturuttrykk må etter vårt syn også femna om "omslaget" eller "beraren" av kulturuttrykket og ikkje avgrensa seg til det reine innhaldet, tanken eller budskapet. Slik les vi òg utkastet. Det inneber at både bøker, filmar, kringkastingsprogram, aviser og ikkje minst språk blir uløysande delar av kulturuttrykket. Det gjer det vidare nødvendig å ha føresegner om kulturindustrien: Forlag, kringkastings- og filmselskap og avishus, slik det m.a. er gjort i artikkel 6.

Mediemangfald og språkleg mangfald er på dei fleste områda integrerte delar av kulturelt mangfald. Utkastet kan gi inntrykk av at dette ikkje er tilfelle. Utkastet må derfor justerast slik at dette kjem klarare fram.

Vi stiller oss på den andre sida skeptisk til bruk av omgrepet "cultural policy". Vi minner i denne samanhengen om dei forsøka som er gjort her i landet på å gi kulturpolitikken ein overgripande dimensjon, og å la kulturomsyn gjennomsyra alle politikkområde. Etter det vi har kunna observera, har denne politikken ikkje hatt særleg gjennomslag. Ein grunn til dette kan vera at "kulturpolitikk" tradisjonelt er definert som eit politisk sektorområde, ikkje som eit overgripande politikkområde. Vi trur at bruken av "cultural policy" slik det blir nytta i

artikkel 3 (jf artikkel 4 nr 7) vil gi trongare rammer for konvensjonen enn det som er ønskemålet.

Artikkel 3 bør etter vårt syn derfor omformulerast ved å ta ut ordet "cultural", slik at det blir klart at konvensjonen gjeld all politikk og alle tiltak som skal verna og fremja kulturelt mangfald. Då står eitt viktig punkt att som uklart. Kva med politikk eller tiltak som reduserer eller gjer skade på det kulturelle mangfaldet? Det fell etter ordlyden utanfor ramma for konvensjonen. Det positive blir regulert: det som skal verna og fremja, medan det negative, det som "bryt ned", synest å falla utanfor konvensjonen. Dette kan rettast på ved å omformulera artikkel 3 til å gjelda politikk og tiltak "som har påverknad på", eventuelt "som har direkte påverknad på", "som har konsekvensar for", "som gjeld" eller liknande uttrykk. I så fall bør ein også seinare i konvensjonen behandla dette (ein måte er å ha ei generell formulering om at statane forpliktar seg til ikkje å vedta politikk/tiltak som kan ha negativ effekt på det kulturelle mangfaldet).

Artikkel 1

(c): "cultural" bør ut.

Artikkel 2

Nr 1: Det er mogleg at det ville vore naturleg med ein referanse til SNs deklarasjon i tillegg til referansen til "international law".

Nr 2: Det er uklart kva som er meint her. Prinsippet bør kanskje vera at kulturelt mangfald er ein integrert del og kan ikkje sjåast isolert frå prinsippet om ytrings- og informasjonsfridom, språkleg fridom og mediemangfald. Det bør i så fall skrivast klarare. ("Cultural diversity is an integral part of and builds on the principles of freedom of expression and information, linguistic freedom and media pluralism")

Nr 3: Vi gjer framlegg om eit tillegg etter "dissemination": "*which necessitates a system of media pluralism*".

Nr 4: Her kan ein lett enda opp i rein kulturel relativisme, der "ulovlege" og undertrykkjande kulturar blir like viktige og fine som alle andre. Ei form for presisering bør derfor vurderast. Etter "recognition" kan til dømes "*within the framework of universally recognised human rights*," eller likande presiseringar setjast inn.

Nr 5: Dette "prinsippet" er uklart og må anten presiserast eller takast ut.

Nr 6: Dette synest å vera eit mål meir enn eit prinsipp. Dessutan er det ei innsnevring i høve til det som i dag skjer innanfor "international cooperation and solidarity". Det bør flyttast fram til artikkel 1 eller takast ut.

Nr 7: Her er det ikkje noko prinsipp i det heile, etter det vi kan sjå. Det er også uklart for oss kva som er meint med denne utsegna.

Nr 8: Tittelen på nr 8 indikerer at tre ulike element vil bli behandla: "balance", "openness" og "proportionality". Etter det vi kan sjå, er det berre "openness" som er behandla.

Nr 9: Utsegna seier meir om korleis arbeidet skal gjerast enn om eit prinsipp. Prinsippet kan uttrykkjast i retning av at *"The Convention is based on transparency"* eller noko liknande.

Artikkel 3

Her blir rammene for konvensjonen fastsett, og vi viser til kva som er sagt ovanfor om artikkel 3.

Artikkel 4

1: Vi viser til dei allmenne merknadene våre og gjer framlegg om at "language" blir teke inn framfor ordet "art".

2: Med same referanse som under punkt 1 gjer vi framlegg om at følgjande blir lagt til i første setning: *"expression and therefore also encompasses linguistic diversity"*. Resten av avsnittet bør ein vurderast å ta ut (særleg gjeld det andre setningen).

3: Med same referanse gjer vi framlegg om at første setning skal lyda: *"The term "cultural expressions" includes the notions of "cultural contents", artistic expressions" and language,"*. Vidare gjer vi framlegg om ny siste setning, som kan lyda slik: *"Language is both a means of communicating cultural expressions and a cultural expression in itself."*

6: Det bør vurderast å ta ut dette avsnittet. Kulturell kapital er ikkje særleg behandla i resten av utkastet etter det vi kan sjå.

7: Dette avsnittet bør justerast i lys av dei allmenne merknadene ovanfor som gjeld artikkel 3.

Artikkel 5

Nr 1: Bruk av "affirm" og recognise" indikerer ulik vekt på oppgåvane etter kvart verb. Etter det vi kan sjå, er det lite grunnlag for eit slikt skilje. Vi gjer derfor framlegg om å skifta ut "recognise" med "affirm".

Nr 2: Opprekninga på slutten av avsnittet bør takast ut. Det bør vera nok med ein referanse til konvensjonen. Referanse til ulike delar av konvensjonen i tillegg kan gjera det uklart kva som gjeld.

Artikkel 6

Nr 1: Innleiinga bør justerast i lys av det som er sagt ovanfor om artikkel 3.

Nr 2 (d): etter "circulation of ideas" gjer vi framlegg om å leggja til: ", *media pluralism*".

Artikkel 7

Nr. 1: Innleiinga nyttar uttrykket "all individuals". Det er uklart om det er alle innbyggjarane som er meint, altså dei som bur der meir eller mindre permanent (altså ikkje dei som er der til ei kvar tid, t.d. fordi dei er på gjennomreise). Dette bør avklarast.

(a): tilgjenge til kulturuttrykk bør ikkje avgrensast til deira egne. Det bør vel gjelda alle uttrykk for kultur mangfaldet i landet? Då blir (a) meir i samsvar med (b).

Nr 2 (b): Vi reiser spørsmålet om presiseringa bør med eller ikkje. Dersom den blir med, kan dette arbeidet lett få prioritet over anna arbeid som gjeld opphavsrett.

Artikkel 8

Delar av denne artikkelen gjeld internasjonalt samarbeid og det bør vurderast å flytta det til kapittel III.2

Artikkel 9

Første del av artikkelen gjeld kva som bør gjerast i kvart land (a, b og halve c), resten gjeld det som tittelen på artikkelen indikerer. Artikkelen bør kanskje delast?

Artikkel 13

Vi reknar med at måla med denne konvensjonen ikkje nødvendigvis skal takast omsyn til ved alle internasjonale plikter eit land har. "any" i første setning kan kanskje strykast. Vidare kan setningen avsluttast med "*of relevance to cultural diversity*".


Vi er også i tvil om referansen til UNESCO bør stå. Han kan gi inntrykk av at UNESCO har eller skal få visse oppgåver i samband med slike konsultasjonar, noko som vel ikkje er tilfelle.

Artikkel 19

Vi sluttar oss til opsjon A med følgjande merknad: Noverande formulering indikerer at dersom det i samsvar med internasjonale instrument om opphavsrett skjer "serious damage or threat to the diversity of cultural expressions", så er det heilt i orden. For å unngå ei slik tolking bør opsjon A nr 1 bli ein del av nr 2.

Med vennleg helsing


Sigve Gramstad
direktør


Gudbrand Guthus
underdirektør